



Vassområde Nordfjord

REFERAT NORDFJORD VASSOMRÅDEUTVAL 21.06.2013

TID: 21.06.2013 KL 10.00 – 13.45

STAD: SANDANE, KOMMUNESTYRESALEN

DESSE MØTTE:

Anders Ryssdal	Gloppen
Kristine Dahl	Gloppen, adm
Espen Gulliksen	Bremanger
Bjørn H Marthinussen	Bremanger, adm
Odd Rønningen	Stryn, adm
Trine Alme	Eid (etter fullmakt frå Dag Henning Reksnes)
Kristian Nave	Selje, adm
Hogne Bleie	Vågsøy
Ingvald Tennebø	Vågsøy, adm
Jakob A. Sandal	Jølster
Ola Nygård	Jølster, adm
Jon Åge Torheim	Hornindal
Merete Farstad	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Hanne Marie Utvær	Fiskeridirektoratet region Vest
Eli Mundhjeld	Statens vegvesen Region Vest
Staffan Hjohlman	Prosjektleder/sekretær

Ikkje utvalsmedlemar:

Truls Hansen Folkestad	Fylkesmannen landbruksavd
Arne Kvalvik	Marine Harvest Norway
Svenn Morten Eikeset	Eid sportsfiskelag
Elisabeth Dahle	FNF
Lidvin Hage	Sogn og Fjordane Bondelag

Sakliste / Program

KL	Tema	Etat	Namn
10.00 – 10.20	Val av møteiar Godkjenning av innkalling og sakliste Presentasjonsrunde		
10.20 – 10.50 inkl spørsmål	Landbrukspåverknad på vassdrag	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Landbruksavdelinga	Truls Hansen Folkestad
10.50 – 11.00	Overvaking i regi av		Staffan Hjohlman

Postadr.:
Gloppen kommune
Grandane 9
6823 Sandane

Telefon:
57 88 38 00
90 40 26 61

Telefaks:
57 88 38 01

Organisasjonsnr.:
964 969 124

E post:
post@gloppen.kommune.no



Vassområde Nordfjord

	Vassområde Nordfjord		
11.00 – 11.10	Pause		
11.10 – 11.30 inkl spørsmål	Orientering om fiskeridirektoratet og arbeid med vassforskrifta	Fiskeridirektoratet region Vest	Hanne Marie Utvær
11.30 – 12.00			Staffan Hjohlman
12.00 – 12.30	Enkel servering		
12.30	Sak 1/2013 Innkomne høyringsinnspel til Vesentlege spørsmål om vassforvaltning - Nordfjord Sak 2/2013 Budsjett 2013		

VAL AV MØTELEIAR

Anders Ryssdal vart vald til møteleiar

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Ingen merknader

PRESENTASJONSRUNDE

Prosjektleiar føretok namnoppdrag

ORIENTERINGAR (presentasjonane er lagt ut på www.vannportalen.no/nordfjord)

LANDBRUKSPÅVERKNAD PÅ VASSDRAG

Orientering ved Truls Hansen Folkestad, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga

Sogn og Fjordane Bondelag ved Lidvin Hage kommenterte utfordringar som vassforskrifta medfører for landbruket.

OVERVAKING I REGI AV VASSOMRÅDE NORDFJORD

Prosjektleiar orienterte om igangsett og planlagt overvaking

ORIENTERING OM FISKERIDIREKTORATET OG ARBEID MED VASSFORSKRIFTA

Ved Hanne Marie Utvær, Fiskeridirektoratet region Vest

Marine Harvest Norway ved Arne Kvalvik viste til ekstra MOM B undersøkingar som er utført i tillegg til lovpålagde krav.



Vassområde Nordfjord

Eid sportsfiskarlag ved Svenn Morten Eikeset viste til prøvefiske i Eidselva siste 5 år som ikkje syner betring i høve rømt oppdrettsfisk.

TILTAKSANALYSE OG MEDVERKNAD I VASSOMRÅDE NORDFJORD

Orientering om arbeid i vassområdet, ved prosjektleiar.

SAK 1/13

INNKOMNE HØYRINGSINNSPEL TIL «VESENTLEGE SPØRSMÅL OM VASSFORVALTNING FRÅ VASSOMRÅDE NORDFJORD».

Om dokumentet

Forskrifta omtalar ikkje oppgåver eller organisering av arbeidet i vassområda. I Planprogrammet til Vassregionen står under Oppsummering av ansvar og arbeidsoppgåver for ulike aktørar at: «*vassområdeutvala skal utarbeide forslag til vesentlege spørsmål om vassforvaltning for vassområdet (dei viktigaste utfordringane i vassområdet)*». Denne oppgåva vart løyst ved at kvart vassområde lagde sitt dokument «Innspel til vesentlege spørsmål om vassforvaltning frå vassområde ...». Desse dokumenta er publiserte som supplement eller vedlegg til hovuddokumentet «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» for vassregionen. Dokumentet peikar på kva som er hovudutfordringar for å nå eit godt vassmiljø i regionen.

«Innspel til Vesentelege spørsmål om vassforvaltning frå vassområde Nordfjord» av 15.10.2012 vart godkjent av Vassområdeutvalet. Dokumentet har lege til høyring til 31.12.2012. Det kom inn 18 innspel, inklusiv innspel som vart initiert i samband med prioritering av vassdragskonsesjonar til vilkårsrevisjon. Innspela er oppsummerte på vannportalen: <http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=47223&amid=3623726>

Innkomne høyringsinnspel

Fiskeridirektoratet har eit generelt innspel om mangelfull dokumentasjon ang påverknad frå rømt oppdrettsfisk. Merknad frå Fiskeridirektoratet er teke inn i dokumentet av 15.10.2012.

Fleire av innspela gjeld vassførekomstar enkeltvis (vegfylling i sjø, industripåverknad i sjø, vassdragsregulering, ureining frå skytebane). Desse er spelt inn til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane eller Vassregionen for vurdering av om tilstand og risiko skal endrast i databasen Vann-nett.no.

Eitt innspel gjeld Brevatn vasskraftverk, som ikkje er realisert. Anlegget er til konsesjonsbehandling, der miljømessige konsekvensar og tiltak blir utgreia. Prosjektleiar si vurdering er at anlegget dermed ikkje er tema for dokumentet.

Postadr.:
Gloppen kommune
Grandane 9
6823 Sandane

Telefon:
57 88 38 00
90 40 26 61

Telefaks:
57 88 38 01

Organisasjonsnr.:
964 969 124

E post:
post@gloppen.kommune.no



Vassområde Nordfjord

Eitt innspel gjeld påverknad frå vegsilt, spesielt i høve eit vatn og ei grunnvassførekomst. Innspelet er teke opp i arbeidsutvalet til Vassregion Sogn og Fjordane. Vegvesenet har på bakgrunn av miljøgranskningar vurdert vegsilt til ikkje å utgjere ei vesentleg påverknad i Sogn og Fjordane.

Innspelela er formidla til Fylkesmannen eller vassregionen, og er såleis tekne med i arbeidet etter vassforskrifta. Dokumentet «Innspel til Vesentlege spørsmål om vassforvaltning frå vassområde Nordfjord» har avgrensa verdi som grunnlag til arbeid vidare etter vassforskrifta, med tiltaksanalyse m.m. Det er Vann-nett.no som definerer kva for påverknader og vassførekomstar som skal stå i fokus. Fylkesmannen, som har ansvar for innhaldet der, har fått innspelela til vurdering.

Revidert hovuddokument

På bakgrunn av innkomne høyringsinnspel, er det utforma ei revidert utgåve av hovuddokumentet «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål», som vart godkjent av Vassregionutvalet 25.04.2013.

Det er ikkje sagt i korkje forskrift eller planprogram korleis vassområda skal handtere innkomne høyringsinnspel til dokumenta «Innspel til Vesentlege spørsmål om vassforvaltning frå vassområde...». Desse dokumenta sin funksjon var å danne grunnlag og supplement til hovuddokumentet, samt å skape engasjement å stimulere til medverknad i arbeidet etter vassforskrifta. Som grunnlag for det vidare arbeidet i vassområda med tiltaksanalyse, overvakingssystem m.m., har dokumentet mindre å seie. Grunnlaget for det vidare arbeidet ligg i staden i databasen Vann-nett, der alle vassførekomstar er klassifiserte etter miljøtilstand og karakteriserte etter risiko for ikkje å nå miljømåla innan 2021, og som blir oppdatert kontinuerleg.

Arbeidsutvalet hadde saka opp på møte 11. juni, og ønskte ikkje å prioritere revidering av dokumentet.

Framlegg til vedtak:

Vassområdeutvalet tek høyringsinnspela til dokumentet «Innspel til Vesentlege spørsmål om vassforvaltning frå Vassområde Nordfjord» til vitande, og har ikkje merknader til handteringa av desse, slik ho går fram av saksutgreiinga over.

Vassområdutvalet vil ikkje prioritere revidering av dokumentet.

21.06.2013 VASSOMRÅDEUTVALET

1/13 VEDTAK:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Postadr.:
Gloppen kommune
Grandane 9
6823 Sandane

Telefon:
57 88 38 00
90 40 26 61

Telefaks:
57 88 38 01

Organisasjonsnr.:
964 969 124

E post:
post@gloppen.kommune.no



Vassområde Nordfjord

SAK 2/13 – BUDSJETT 2013

Prosjektplanen til Vassområde Nordfjord inneheld budsjett for perioden 2011 – 2015, der kostnadane er oppsummert slik:

Kostnader	2011	2012	2013	2014	2015
Prosjektleiars/ sekretariat	350 000	700 000	700 000	700 000	700 000
Møter, reiser og kurs	50 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Vassanalyser og overvakning inkl rapportar	150 000	300 000	300 000	300 000	150 000
ÅRLEG SUM	550 000	1 100 000	1 100 000	1 100 000	950 000
Sum år 2011-15 (Prosjektperiode)	4 800 000				
Sum totalt	4 800 000				

Finansieringa var lagt opp etter ei kostnadsdeling med 50 % frå kommunane, 25 % frå Fylkesmannen (skjønnsmidlar) og 25 % frå Fylkeskommunen. Fordeling av kostnadane mellom kommunane følgjer «Nordfjordrådsmodellen», dvs 1/4 likt fordelt og 3/4 fordelt etter folketal. Alle kommunar utanom Vågsøy, Eid og Jølster har godkjent denne ordninga. Saka skal opp til ny behandling i Vågsøy og Eid før sommaren. Jølster er omtalt nedanfor.

Jølster kommune

I budsjett i prosjektplanen ligg det inne finansiering frå Jølster kommune tilsvarende 20 % av folketalet, fordi kommunen er delt mellom vassområda Sunnfjord og Nordfjord. Det er seinare avtalt mellom vassområda at Jølster berre skal finansiere vassområde Sunnfjord, medan Gloppen kommune, som også er delt mellom desse vassområda berre skal finansiere vassområde Nordfjord. I budsjettet var allereie Gloppen inne med full finansiering til Nordfjord. Avtalen mellom vassområda innebar difor ein reduksjon av det kommunale bidraget til Nordfjord. For å unngå tilbaketreking av allereie innkomne midlar frå Fylke og stat (25 % kvar), vart beløpet til Jølster fordelt mellom dei 7 Nordfjordkommunane etter «Nordfjordrådsmodellen», som eit tillegg ved fakturering for 2012 (sjå tabellen nedanfor). Prosjektleiars ønskjer å få vassområdeutvalet si vurdering og evt godkjenning av denne justeringa.



Vassområde Nordfjord

Prosjektkostnader for den enkelte kommune, per år 2012 - 2014

Kommune	Prosjektplan	Nytt framlegg
Bremanger	75 677,98	79 443,20
Eid	105 521,59	109 955,14
Gloppen	102 529,75	106 896,30
Hornindal	35 243,26	38 102,96
Jølster 20 %	26 222,86	0,00
Selje	59 222,86	62 619,57
Stryn 20 %	38 190,22	41 115,92
Vågsøy	107 391,49	111 866,91
SUM	550 000,00	550 000,00

Rekneskap 2012

Rekneskapen er oppsummert i tabell nedanfor. Utgifter på prosjektet er berre registrert etter at prosjektleiar tok til i stillinga 20.08.2013. Innsatsen som er utført i dei enkelte kommunar, særleg vertskommunen Gloppen, og medlemar i prosjektgruppa, Stryn og Bremanger, er ikkje utgiftsført på prosjektet. Sein tilsetning av prosjektleiar medførte mindre løns- og driftsutgifter enn budsjettet. Inntektene for 2012 er innkome tilsvarende budsjett (førebels utanom Vågsøy og Eid kommunar). Dersom Vågsøy og Eid kommunar sluttar seg til kostnadsfordelinga, medfører dette overskot i 2012, som er avsett til fond. Fondsmidlane vert føreslege nytta til overvaking i 2013 (sjå under budsjett).

I oversikta nedanfor er det teke atterhald om at Vågsøy og Eid kommunar sluttar seg til kostnadsfordelinga.

	Budsjett 2012	Rekneskap 2012	Budsjett 2013
INNTEKTER, sum	1 100 000	1 150 000	1 938 088
Kommunar	550 000	550 000	550 000
Fylkesmannen. (2012 inkl midlar til overvaking, kr 50 000)	275 000	325 000	275 000
Fylkeskommunen	275 000	275 000	275 000
Fondsmidlar	0	0	838 088
UTGIFTER, sum	1 100 000	1 150 000	1 938 088
Prosjektleiar/ sekretariat	700 000	281 507	700 000
Møter, reiser og kurs	100 000	30 405	100 000
Vassanalyser og overvaking	300 000	0	1 138 088
Overskot (avsett til fond)	0	838 088	0



Vassområde Nordfjord

Budsjett 2013

I budsjettoversikta nedanfor samsvarer inntektene med prosjektplanen, med tillegg av fondsmidlar frå overskot i 2012, kr 838 088. Budsjettet har vore drøfta i arbeidsutvalet, som går inn for å nytte fondsmidlane til overvaking i 2013. Dette kjem i tillegg til 300 000 som var budsjettert til overvaking i prosjektplanen. Dei andre utgiftene i budsjettoversikta samsvarer med prosjektplanen.

Behov for overvaking

Datagrunnlaget for klassifisering etter miljøtilstand er svært mangelfullt. Med få unntak er tilstand (og demed også risiko) basert på skjønn, jamfør «Innspeil til Vesentlege spørsmål om vassforvaltning frå Nordfjord». Iverksetting av tiltak føreset vel underbygde risikovurderingar med omsyn til oppnåing av miljømål. Innhenting av nye data ved miljøovervaking er difor svært påkrevd. I prosjektplanen låg det inne overvaking i både 2011 og 2012. Dette vart ikkje utført. Inntektene for 2011 fall bort, medan driftsoverskotet frå 2012 er føreslege avsett til fond, til bruk i 2013.

Planar for overvaking

Prosjektlear har i samråd med arbeidsutvalet lagt planar for overvakinga i 2013. Innsatsen er retta mot vassførekomst i risiko der datagrunnlaget er mest mangelfullt. Det er valt 3 typar overvakingsprosjekt:

1. kjemisk/fysiske parametere i vassdrag. Tenesta er anskaffa ved tilbodsinnhenting frå 9 laboratorier, der Vestfold Lab vart vald grunna lågast pris. Prosjektlear utfør prøvetakinga og sender prøvene til laboratoriet. To av prøvetakingar er utført (april, juni) medan to står att (august og oktober).
2. Fastsittande algar i elvar (begroing). Tenesta er direkteanskaffa frå Limnoconsult, med plan om gjennomføring i august.
3. Undersøking av sjø (botndyr, botnsediment og strandsone). Prisantydninga er over 500 000, og oppdraget er annonsert på doffin.no som konkurranse med forhandling. Tilbudsopning var 14.06. Fem leverandørar leverte tilbod.



Vassområde Nordfjord

Kostnader med overvaking i 2013. Disponibelt beløp i samsvar med budsjettframlegget over, fordelt mellom kommunane etter same nøkkel som kostnadane. *) Pris for sjøundersøking er overslag.

Kommune	Disponibelt	Kjemi	Begroing	Sjø*	Totalt
Bremanger	164 388	2 400	2 000	140 000	144 400
Eid	227 525	16 800	14 000	210 000	240 800
Gloppen og Jølster	221 195	24 000	16 500	210 000	250 500
Hornindal	78 845	14 400	10 000	0	24 400
Selje	129 576	0	0	140 000	140 000
Stryn	85 079	21 600	16 000	0	37 600
Vågsøy	231 481	2 400	2 000	280 000	284 400
SUM	1 138 088	81 600	60 500	980 000	1 122 100

Konsekvensar dersom Vågsøy og Eid kommunar ikkje sluttar seg til prosjektet.

Dersom ikkje Vågsøy og Eid kommunar gjer vedtak om å slutte seg til prosjektet og kostnadsfordelinga, vil dei kommunale inntektene pr år reduserast til kr 328 178. På grunn av at midlane frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen føreset deltaking frå alle kommunane i vassområdet, må ein då ta høgde for at desse bidraga vert tilsvarande redusert til kr 164 089 frå kvar (25 % av inntektene) per år i 2012 og 2013. Saman med ekstrabevilgninga frå Fylkesmannen på 50 000 kr i 2012, gir dette eit overskot i 2012 på kr 394 444, men eit underskot i 2013 på kr 443 644. Med føresetnad at utgiftane utanom overvaking ligg fast, vil overvakinga måtta reduserast til 250 800 for å oppnå balanse. Det er då ikkje rom for å utføre sjøundersøkinga. Det er teke atterhald om dette i konkurransegrunnlaget for denne tenesta.

Vågsøy og Eid kommunar er orientert om dette i brev frå prosjektleiar (vedlagt). Det har og vore korrespondanse mellom dei to kommunane og Fylkeskommunen vedkomande finansieringa (vedlagt). Kostnadsfordeling ved vidareføring av prosjektet etter 2015, kan vere tema for ny vurdering i vassområdeutvalet.

Framlegg til vedtak:

Vassområdeutvalet tek rekneskapen 2012 til vitande, slik han ligg føre i saksutgreiinga. Vassområdeutvalet godkjenner at finansieringa frå Jølster kommune fell vekk og at tilsvarande beløp vert fordelt mellom dei sju nordfjordkommunane etter «Nordfjordrådsmodellen» i tillegg til opprinneleg budsjetterte bidrag. Likeeins godkjenner vassområdeutvalet å nytte overskotet frå 2012 til overvaking, som primært skal utførast i 2013.



Vassområde Nordfjord

21.06.2013 VASSOMRÅDEUTVALET

Etter innspel på møtet vart det laga nytt framlegg til vedtak:

2/13 VEDTAK

1. *Vassområdeutvalet tek rekneskapen 2012 til vitande, slik han ligg føre i saksutgreiinga.*
2. *Vassområdeutvalet tilrår at finansieringa frå Jølster kommune fell vekk og at tilsvarande beløp vert fordelt mellom dei sju nordfjordkommunane etter «Nordfjodrådsmodellen» i tillegg til opprinneleg budsjetterte bidrag.*
3. *Vassområdeutvalet tilrår å nytte overskotet frå 2012 til overvaking, som primært skal utførast i 2013.*
4. *Vedtaket vert å sende kommunane for handsaming innan 3 veker. Prosjektlear legg ved grunngjeving for saka.*

Vedteke mot ei røyst.